

NM i Fjordhest på Stord:

# Gull og to bronssar til rideklubben i Volda

Volda Rideklubb gjorde det bra under NM i fjordhest på Stord. I tillegg til eit sosialt treff, vart det både gull og bronse til Volda Rideklubb.

Noregsmeisterskapet er ope for dei som har klart kvalifiseringskrava i å konkurrere. Av dei ulike greinene i meisterskapet var det 21 deltakarar i greinmeisterskap dressur, 13 deltakarar greinmeisterskap køyring og 9 deltakarar i greinmeisterskap sprang.

## Deltaking

Totalt var det 112 påmelde ekvipasjar til NM i Fjordhest 2018 på Stord. Deltakarane seier aldri eg, men vi: hest og ryttar.

Liv Jorunn Nyhagen, frå Volda Rideklubb, har deltatt på NM i fjordhest mange gongar før. I år deltok ho i tre ulike meisterskap. Greinmeisterskap dressur, NM senior og NM Lag.

Liv Jorunn har vunne greinmeisterskap dressur fire gongar tidlegare, men i år vart det nokon poeng for lite og ho landa på ein fjerde plass.

## Gull

I den høgste klassa NM Senior, med det viktigaste samandraget gjekk det betre.

NM senior består av tre ulike greiner: ri dressur, køyre maraton

»  
*Vi er kjempefor-  
nøgde, dette er  
tredje gongen vi  
har vunne NM  
senior»*

og det var totalt 15 stykk som deltok i NM Senior.

– Vi leda etter dressuren, ramla ned på 6.-plass etter køyringa, men hoppa opp til gull i spranget. Ein får poeng for kvar av desse deløvingane, den med mest poeng samanlagt vinnar. Vi vann med to poeng meir enn dei som tok sølv. Ho som tok sølv slo meg i fjor, så eg fekk tatt revansj, ler Liv Jorunn.

## Bronse

Volda Rideklubb deltok også i ein lagkonkurranse. Klubben hadde håpt på to lag, men det vart eit mannefall før avreise. Det deltakande laget var samansett av Hanne Brunvoll, Randi Maud Mork og Liv Jorunn Nyhagen. Sistnemnde starta med dressur, og etter den innsatsen låg laget på andre plass. Hanne Brunvoll hadde køyringa og då ramla laget litt ned til 4.-plass. Men med ei god runde i spranget for Randi Maud Mork enda laget på bronse.



\* Liv Jorunn Nyhagen og Pokemann. (Foto: Ingvild Rydjord Hansen/www.fjordhest.no)

Hanne Brunvoll var med for første gong og var kjempeforføgd. Ho bur i Skodje, men bestemte seg for å ri for Volda Rideklubb og vil fortsette å gjere det sidan det gjekk så bra. Total i Norgesmeisterskap Lag var det 9 lag.

Randi Maud Mork tok også bronse i NM Junior. Søstera hennar, Anna Marie Mork, deltok i junior NM for første gong og kom på ein fin 6.-plass. Denne greina hadde 10 konkurrerande.

## Godt nøgd

– Vi er kjempeforføgd. Det var nydeleg vær og vi var ute heile dagane og kosa oss. Ved desse samlingane er det godt miljø, alle kjenner alle. Ein kan ikkje gå to meter utan at nokon stoppar deg og vil prate. Det er trivelege folk og god stemming, smiler Liv Jorunn.

## Pengepremiar

Det er relativt kostbart og delta i NM i fjordhest. Om ein er så heldig å kome på pokalplass vinn ein pengepremie.

– Vi tente nesten inn startavgifta. Reisa må eg dekke sjølv. Ein blir ikkje rik av å vinne, berre i opplevingar, ler Liv Jorunn.

↳ ODDHILD HARMAN



\* Randi Maud Mork og Bakkens Odin i sprangriding. (Foto: Ingvild Rydjord Hansen/www.fjordhest.no)



\* Hanne Brunvoll og Liaguten i dressurkøyring. (Foto: Ingvild Rydjord Hansen/www.fjordhest.no)



\* Alle deltakarane frå Volda Rideklubb. Frå venstre: Hanne Brunvoll og Liaguten, Anna Marie Mork og Årheims Sonja, Randi Maud Mork og Bakkens Odin, Liv Jorunn Nyhagen og Pokemann. (Foto: Ingvild Rydjord Hansen/www.fjordhest.no)